

er det noko anna, her har det jamt vore so, at det er den einskilde som har drege lasset, hans pågangsmot og interessa har kveikt medspelarane og gjeve mot på store og små oppgåver. Me nemner namn som Johan Øvretveit, Hans Knarrevik, Gunhild Rydland, Amanda Thunestvedt, Gudm. Tveiten, Hjalmar Revheim, Styrk Haukås, Adolf Bergfjord, Hjalmar Lygre, Aksel Bergtun og Ruth Toska og ikkje å gløyma den gode og dugande materialforvaltar, avlidne M. Petersen, hans arbeid i laget og spellaget er sjølve lagsoga. Me kunde nemna mange, mange fleir, men desse meiner me står i ei serstoda, kvar på si tid.

Dei siste 4-5 åra før krigen var litt stillare av seg, turar og framsyningar hadde ikkje evna til å bera seg økonomisk. Men like snøgt som dei andre serlagi, kom og spellaget i gang etter krigen. Ein øvde inn og synte fram fleire krevjande stykke. Det kom med nye ihuga medlemmer som saman med våre meir røynde spelarar gjorde eit godt arbeid i og for spellaget.

Det er uråd å nemna kvar framsyning for seg, men i dei farne 50 år har spellaget hatt tilsaman 287 framsyningar — utanbys, i andre samskipnader innanbys, og på tilskipingar i laget.

Den største vansken spellaget har hatt etter krigen er å skaffe seg husrom der dei kan halda til med øvingane sine, men dei siste 10 åra har ein hatt faste øvingskveldar på lagsromet, Strandkaaien 6. Her kan ein nemna at spellaget dei siste 10 år har hatt 90 framsyningar. Det seier litt om aktiviteten den siste 10 årsbolken. Spellaget er i fullt arbeid i jubileumsåret, nye spelarar har kome til so framtidsvonene er dei aller beste. Formann i 1969 er Olaug Fjeldstad.

NORDHORDLANDSTOVA L/L

Å driva lagsarbeid kostar pengar, og laget måtte søkja mange utveggar for å skaffa dei. Det vart halde marknader og dansekveldar, og serleg desse skaffa den naudsynte innkoma til å driva lagsarbeidet.

For å skaffe laget ein økonomisk stødnad, var der stemning for å få i gang ei forretning, og då «Torgkafeen» Strandkaaien 6 var til salgs for kr. 6 000,— greip laget sjansen. Det første styret vart vald på lagsmøte 10. januar 1933, og lutlaget «Kaffistova til Nordhordlendingen» vart skipa 16. februar s.å. Luteigarane var Bygdelaget Nordhordlendingen og ein del privatpersonar.

I det første styret var desse med: Edvard Lindaas, form. Elling Kvamme, varaformann. Jenny Mjelde, kassastyrar. Amanda Tunesvedt, skrivar og Harald Seim.

Kaffistova vart opna laurdag 18. februar med ein fest for lagsfolk og innbedne.

Den økonomiske stoda i landet var ikkje god i trettiåra, og kaffistova gav ikkje den økonomiske vinning som ein vona. Det gjekk heller dårleg dei første åra, og først i 1937 tok det til å koma balanse i rekneskapen. I åra etter gjekk det jamt framover og i 1940 kunne kaffistova, i samsvar med sitt føremål, gjeva den første stonaden til laget.

Som det går fram av saga til hovedlaget, tok nasistane over styret i Noregs Ungdomslag under krigen, og Nordhordlendingen sine midlar vart inndregne. Laget hadde på førehand selt sine aksjar, og det vart skipa eit nytt lutlag under namnet «Nordhordlandstova L/L. Såleis berga ein kaffistova or første knipa, men den 5. august 1943 vart ho rekvirert til fordel for «Den tyske vernemakt» som hadde lokalet til 28. januar 1944. Då tyskarane flyttet ut, inntok Bergen kommune, Alderstrygda, plassen og først 10. oktober 1945 kunne kaffistova opna att etter å ha vore utan lokale i over 2 år.

Edvard Lindaas var framleis formann og kunne i åra framover visa gode resultat av sitt og styret sitt arbeid. Han stod som formann i forretningsstyret til han døydde 19. juli 1948, og ein er han stor takk skuldig, for det store arbeidet han la ned i dei 15 åra han stod for styret i kaffistova.

Harald Seim som og hadde vore med i forretningsstyret sidan 1933 tok over formannsplassen etter Lindaas, og held fram til årsmøtet 1953.

Hjalmar Tvedt tok over formannsjobben i 1953. I tida som fylgde gjekk ein til stor omvøla av kaffistova, og drifta gjekk bra. I slutten av 50-åra tok ein opp tanken om huskjøp då det var mest uråd å få tenarhjelp utan å ha husvære.

I 1961 sa Hjalmar Tvedt frå seg attval og Arne Langeland vart den nye formannen. Kaffistova kjøpte eigedommen Strangehagen 10 i 1961. Med den store konkurransen er det ikkje lett å driva kafeverksemd, men drifta har i dei siste åra gått jamt.

SAUMARLAGET

I likheit med andre bygde- og bondeungdomslag i byen fekk Nordhordlendingen tidleg sitt saumarlag. Det var fru Elgås som gjorde opptaket, og var den første formannen. Etter henne kom i rekkjefylgje Martha Kvamme, Bendikte Mjelde, Solveig Haldorsen, og i 1939, Amanda Thunestvedt. Ho stod som formann til ho døydde i 1945. Sidan 1946 har Olga Haukås vore formann. Alle har dei gjordt eit godt arbeid kvar i si tid.